


Lom og Skjåk Sparebank
Årsmelding 1997



Kulturminneåret 1997

1997 var kulturminneåret.

Miljøverndepartementet og Kulturdepartementet inviterte da kommunar og organisasjonar til å ta eit tak for å skape større glede av og betre forståing for kulturminna og dei verdiane dei har for samfunnet og enkeltmennesket. Slagord for satsinga: Forankring Fryder.

Det var valt ut tre hovudtema: kulturminne langs kyst og vatn, tekniske og industrielle kulturminne og kulturminne i lokalmiljøet. På landsbasis var det om lag fem tusen små og store arrangement med eit mangfold av utstillingar, vandringar, omvisningar, seminar, tevlingar og restaureringsarbeid. Kvar kommune valde eit kulturminne som skal takast særskilt godt vare på.

Kva er eit kulturminne

Kulturminne er spor etter eldre tiders liv og vyrke. Spor som får oss til å tenkje på eller oppleve korleis folk hadde det, korleis dei som har levd før oss har ordna liva sine. Kulturminne kan vere munnlege, skriftlege eller materielle overleveringar frå dei tidlegaste tider og fram til vår tid. Det som er nytt i dag, blir gammalt i morgon.

Kvifor skal vi ta vare på fortida

Kvar dal, kvar bygd, kvar tettstad - ja kvar gard og kvar gate har sine egne kulturminne. Eit mylder av små og store ting som menneska har skapt. Sjølv i ei tid da mange er på flyttefot, kan dei fleste likevel tenkje på ein stad og seia: «Det er der eg høyrer heime». Dersom ikkje kvar og ein av oss ser verdien og nytten av å verne små og store kulturminne rundt oss, vil desse skattane etter kvart forsvinne- og med det også dei band vi har til den staden vi høyrer heime. Kulturminna viser også kunnskapar om korleis tidlegare slekter har klart seg i tider med knappe ressursar.

KULTUR MINNE ÅRET 97



Kraftig våpenkniv og fil funne på Byrtnes i Garmo. Mest truleg del av ei mannsgrav frå 700-800 år e. Kr. (C- 32280)



Lov om kulturminne

I Noreg har vi ei eiga lov om kulturminne - kulturminnelova, som set grenser for kva vi har lov til når vi nærmar oss ei skipling av det fortida har skapt og gjeve oss. Lova har som føremål å verne og ta vare på faste fornminne som bu-plassar, hus og bygningar og arbeids- og verkstadplassar eller spor etter slike, spor etter åkerbruk, vegfar, forsvarsverk, tingstader, gravplassar, helleristningar m.m. og lause fornminne som våpen, redskap, kultgjenstandar, innbu, smykke og arkivsaker. Etter kulturminnelova er det straffbart å ta med seg ting eller masse frå steinalderbuplassar. Slik aktivitet vil vere med på å ødeleggje bygda si historie for alltid. Fornminnelova omfattar alt av menneskeleg vyrke frå slagggfunn til forma gjenstander og bruksting frå istida og fram til reformasjonen i 1536.

Kulturminne i vår del av landet

Alle distrikt har sine egne særprekt og eigenartar der tradisjonar og levesett blir ført vidare som ein naturleg del av kvardagen. At vi har teke vare på folkemusikken, byggeskikken, språket, mattradisjonane og kunsthåndverket har faktisk utvikla seg til levebrød for mange. Naturen rundt oss har skapt grunnlaget for vår eksistens og gøymer i dag på fantastiske kulturskattar i form av spor og merke etter våre forfedrar.

I ei tid med stadig veksande kulturell og språkleg utveksling, vil utfordringane med å ta vare på alt dette som fortida har gjeve oss bli større og større. Vi må halde tritt med utviklinga, tilpasse oss verda rundt oss og følgje med i den industrielle og kulturelle galoppen. Samtidig må vi ta vare på den eigenarten fortida har gjeve oss - både for vår eigen eksistens og ikkje minst for komande slekter.

Kulturminneåret i Lom og Skjåk

Både Lom og Skjåk deltok aktivt i markeringa av kulturminneåret 1997. I båe kommunane var det lagt opp til mange kulturelle tilstellingar med tematurar, informasjon, markeringar og registreringar. Kommunane deltok også i den landsomfattande kulturminnestafetten med kåring av eit kulturminne som skal takast særskilt godt vare på. I Skjåk fall valet på Tørrstugu ved Skamsarbrua. Lom valgte ut vatnarvatnet som hovudkulturminne.

Tørrstugu ved Skamsar bru

Tørrstugu ved Skamsar bru vart bygt i 1922-23. Her kunne gardbrukarane turke korn til eige bruk - både til fôr og mat. Dersom kornet ikkje vart tørka godt før lagring, kunne det miste spireevne og det gav dårleg smak.

Det var 20 gardbrukarar som gjekk saman om bygginga. Det høvde godt å setja tørrstugu opp her, i og med at det var kvern på Skamsarsaga. Gamle skomakar Ola Lien (Harsheimlien) var med og timbra ho opp, og han var medeigar i tørrstugu. Han var husmann under Harsheim til om lag 1925.

Omnen i tørrstugu er av kleberstein, og er intakt den dag i dag. Tørkinga av fôr- og matkorn pågjekk utover hausten. Det var sju skjeller i to høgder som kornet vart lagt på, og det kunne tørkast om lag eitt tonn om gongen. Det var viktig at eldinga var passe dei tre tørkedagane.

Om sumaren vart tørrstugu brukt til å lage malt. Dette var gardbrukarane saman om. Denne stugu vart brukt til langt ut på 1930-talet, da det kom nye og meir lettvinde metodar, både for hausting og tørking av kornet.

Vatnarvatnet

Med ei nedbørsmengde på under 300 mm i året, har det gjennom fleire hundre år vore ein stadig kamp for å føre vatn ned frå fjell og utmark og fram til åker og eng. I vår tid er det vanskeleg å forstå det slitet som låg bak arbeidet med vassvegane og vatninga. Til hjelp når dei arbeidde



Vandring og samling i Finndalen



Tørrstugu ved Skamsar bru



Byrvassvegen

fram vassvegane over fjell, myr, urd og dal hadde dei hakke, spett, spade og sjølv laga nivelleringsutstyr, og dei støyte på mange vanskar. Terrenget kunne vere så flatt at det var uråd å sjå om vatnet hadde fall. Ja, somme stader ser det ut som vatnet renn i motbakke. Andre stader måtte vatnet passere bratte fjellsider, kanskje med berre steinurd under. Langs grusryggar og grissen jord måtte det stampast med leire for at vatnet ikkje skulle forsvinne i grunnen. Der vatnet passerer blanke fjell, vart utkantane torvsette. Over dalsøkk bygde dei høgtrølag. Steinheller vart sett på tvers av vassvegane for å høvle av det vatnet som vassvegen ikkje kunne ta imot.

Vatnet kjem frå teppingar inne i fjellet. Dette er naturlege vatn eller kunstige dammar som er bygde for å samle opp smeltevattn frå snø og isbre. Som oftast var det fleire bruk eller heile grender som gjekk saman om vassvegane. Når det ikkje vart nok vatn til alle, måtte det delast. Det var derfor sett opp kontraktar med mange og strenge reglar om korleis dette skulle skje.

Lom Heimbygdslag har registrert og kartfesta dei fleste vassvegane og damanlegga i Lom. Boka «Vassvegane i Lom» kom i 1997. I løpet av 1997 vart også registreringsarbeidet i Skjåk kommune i gangsett.

Byrvassvegen er den i dag einaste vassvegen i Lom som har høgtrølag. Vassvegen vart bygt tidleg på 1800-talet. Det har truleg vore vassveg her også får den tid. Fyrst på 1980-talet vart det gjeve tilskott frå Norsk Kulturråd til restaurering av høgtrølaget over Kleppdalsbekken, og det vart lagt ned eit stort dugnadsarbeid. Torstein og Simen Bjørgen la opp att vassvaglane og hogg vasstrø på gammelmåten.

Mange arbeider aktivt med å ta vare på spora etter fortida vår




Miljøverndepartementet fastset den offentlege vernepolitikken ved lover og utarbeiding av tolkingar, føresegner og retningslinjer.

Riksantikvaren er eit direktorat under Miljøverndepartementet, med ansvar for forvaltning av kulturminne og kulturmiljø. Det er her eventuelle fredningsvedtak blir gjort. Riksantikvaren utarbeider retningslinjer for vernearbeid, innpassar kulturminne i fysisk planlegging og handsamar søknader om dispensasjon frå fredning av kulturminne.



Fylkeskommunen har ansvar for kulturminnevernet i fylket og handsamar søknader om vedlikehald, om- og påbygging og økonomisk støtte til freda bygningar. Fylkeskommunen har oversikt over og fagkunnskap om kjente kulturminne i fylket. Kvart fylke har eigne fylkesarkeologar og fylkesarkivet omfattar mellom anna alt frå fylket som var registrert ved Universitetets Oldsaksamling fram til 1990.



Kommunane har ikkje formelt forvaltningsansvar etter kulturminnelova men eit sjølvstendig ansvar for å ivareta kulturminneomsyn mellom anna med den daglege handhevinga av plan- og bygningslova.



Norsk Institutt for kulturminneforskning (NIKU) er ei privat stiftung som tek på seg oppdrag for riksantikvaren med å forvalte hovudregisteret for automatisk freda kulturminne i Norge. NIKU driv forskning innan landskap og kulturmiljø, konservering og restaurering, bygningshistorie, arkeologiske utgravingar, registrering av kulturminne, konsekvensutgreiing og fotodokumentasjon av kulturminne.



Skjåk Historielag har ei stor samling med foto som er grundig katalogisert.

Barndomsminne frå prestgarden i Lom



1606 brann i 1936, og lite vart berga av den store samlinga av dokument og antikvitetar.

Harald Børresen, sonen til Teodor J. Børresen som var prest i Lom 1903 - 1921, fortel til Jorunn Kvale i eit lydopptak i Oslo 7. november 1995.

Innhaldet er utskrive av redaksjonen som også har laga overskriftene.

Korleis familien kom til Lom
«Jeg har et brev som far skrev til daværende kirkesanger Rudsar for å høre seg litt for før han kom til Lom. Det er et historisk dokument. Min mor var født Stub. Hennes far var prest på Tjøtta i Nordland, og kom til

Strandebarm i Hardanger. Der havnet han, og er gravlagt i Strandebarm. Mor, var som sagt, prestedatter, og hennes mor var født Berner og var tremening til Karl Berner som var stortingspresident da Stortinget ble åpnet i 1905. Mor ble sendt til Tyskland for å utdanne seg til pianistinne og sangerinne, og det ble jo en omveltning for henne å bli gift og flytta til Jostedal og bli fødemaskin. En liten vever kvinne fødte faktisk 11 barn. Det ble ikke så mye det med sangen og musikken, da. Det vil si... hun spilte hver eneste dag, og huset gjenslød av musikk og sang. Hun hadde jo et vidunderlig

26

Lom Heimbygdslag har til nå gjeve ut ni hefte av Heim og bygd med til saman 520 sider med kulturhistorisk stoff frå og om Lom.

Samisk kulturminneråd forvaltar samisk kulturminnevern på same måte som kulturminneforvaltninga i fylket.



Historisk museum i Oslo, Arkeologisk museum i Stavanger, Historisk museum

i Bergen, Vitskapsmuseet i Trondheim og Tromsø museum er alle offentlege museum med viktige forvaltningsoppgåver i tillegg til dei ordinære museumsfunksjonene. Historisk museum ved universitetet i Oslo omfattar oldsaksamlinga som presenterer forhistorie og middelalder, hovudsakleg frå vår del av landet, myntkabinett som syner utviklinga av dei fyrste myntsystema fram til i dag og etnografisk museum med basisutstillingar frå fjerne strok.

Skjåk Historielag og Lom Heimbygdslag er hovudaktørar i vårt dikstrikt med kontinuerleg innsamlings- og publiseringarbeid. Kvart år resulterer dette mellom anna i utgjevinga av Kvelde-seto og Heim og bygd, som er verdifulle dokumentasjonar av kulturhistorisk materiell. Skjåk Historielag vart skipa i 1930 og har i dag ansvaret for forvaltninga av ei stor samling av gamle foto. Historielaget har gjeve ut to ættebøker for Skjåk og boka «Vatnet» med stoff innsamla av Gregor Kummen.

Lom Heimbygdslag var stifta i 1925 og har tidlegare hatt ansvaret for bygdemuseet i Presthaugen. Dette har nå Lom kommune teke over. Laget arrangerer kvart år Olsokfesten i Presthaugen og utgav i 1996 boka «Vassvegar i Lom». Heimbygdslaget var også utgjevar av boka Gamalt frå Lom som Olav Kvaale samla stoff til.

Det blir også samla mykje historisk materiell frå vårt distrikt i Dørlaringens årlege utgjeving Årbok for Gudbrandsdalen. Denne boka utgjer i dag ei vesentleg kulturhistorisk kjelde. Det blir utarbeidd temaoversikt slik at det skal vere enkelt å finne fram.



Stiftelsen Norsk Kultur-arv med hovudsete i Vågå arbeider med vern

av kulturarven gjennom aktiv bruk. Bak stiftinga står fem fylkeskommunar, 14 kommunar, private bedrifter og organisasjonar. Norsk Kultur-arv er i dag involvert i prosjekt som bygnings- og fartøyvern, teater, folkemusikk og bøker. I 1997 inviterte Norsk Kultur-arv til aksjonen «Ta et tak», som er ein praktisk dugnad for å redde ein del av bygningshistoria som ellers vil gå tapt. Nærare fem millionar kroner har Norsk Kultur-arv stilt til disposisjon for å få lagt mellombelse tak og gjort anna sikringsarbeid på hus.

Arbeidet som Nord-Gudbrandsdal Folkemusikkarkiv har sett i gang med å leite opp og registrere eldre folkemusikk-instrument og musikktradisjonane knytt til instrumenta, er eit viktig tiltak for å ivareta folkemusikken for framtida.

Skjåk bygdebok

Skjåk bygdebok blir utgjeven av Skjåk kommune og er skriven av Hans P. Hosar. Torgeir Ødegård, Stein Grjotheim og Inger Kirsten Stagrim er med i boknemnda.

Det fyrste bindet kom ut i 1994 og tek for seg historia om Skjåk frå dei fyrste reinsjegerane kom til våre trakter fram til det etablerte bondesamfunnet i mellomalderen. Siste delen omhandlar krisa etter svartedauden og øydetida fram til 1500-talet.


Det andre bindet kom ut i 1995, og tek for seg historia frå 1537 da landet vart underlagt den danske krona og fram til landet igjen vart sjølvstendig i 1814.

Det tredje bindet kjem ut våren 1998 og omfattar tida frå 1800 og fram til fyrste verdskrig. Stikkord for denne boka er at Ålmenninga vart kjøpt av gardbrukarane i 1798, Jøingslia og Billingsdalen vart nybyggjargrender på 1800-talet, husmenn,

SKJÅK BYGDEBOK

Historia fram til 1537

AV HANS P. HOSAR



Med et geografisk innlegg av Nicole Santarelli, Inga Stenck Olsen og Åke Storråbe

Skjåk bygdebok, bind 1. På framsida er avbilda ei bronsespenne frå 900-talet som var funnen i Skjåk kring 1880.

tenestefolk og arbeidarar som stod utanfor demokratiet, Skjåk vart eige kommune i 1866, store omleggingar i jordbruket og utvandring til Amerika.

Det fjerde bindet er planlagt utgjeve i 1999. Der vil den turbulente mellomkrigstida og den vanskelege okkupasjons-tida bli omhandla. Andre tema blir motorisert ferdsele, elektrisk straum, telefon og radio, dampysteri og motordrivne sagbruk, politiske omveltningar der arbeidarane utfordra dominansen til gardbrukarane og oppblomstringa av organisasjonsarbeidet.

Bygdebok for Lom

Bygdebok for Lom, som Jon Kolden har samla inn stoff til, skal sluttførast av Snøhetta forlag. Fyrste bindet skal etter planen vere klart hausten 1999. Bind to og tre kjem i løpet av år 2000. Bøkene får eit opplag på 2000 og blir på om lag 400 sider og skal illustrerast med rundt 300 foto.

Inndeling for bygdeboka:

- brukar- og slektssoge gard for gard fram til 1930
- brukar- og slektssoge gard for gard frå 1930 og fram til i dag
- supplerings av gards- og grendesogene med omtale av til saman vel 1100 bustader fordelt på gardsbruk, bustadhus og nedlagte plassar.
- kulturhistorisk kart med namn på alle buplassar som er, eller har vore, busett og ein så stor del av andre namn i bygda som det blir plass til.

SKJÅK BYGDEBOK

Historia 1537–1800

AV HANS P. HOSAR



Skjåk bygdebok, bind 2. På framsida er avbilda biletteppe frå Skjåk som er datert 1613.

Dei eldste spor etter våre forfedrar

Dei mange merke i dal og fjell etter forfedrane våre er dei eldste merke etter menneskje i vår del av verda. For om lag 12000 år sidan var heile Norden dekt av is. Etter kvart som land vart avdekt, følgde både dyr og folk etter iskanten nordover og inntok nye område. Dei bygde opp buplassar og brødfødde seg av det naturen hadde å by på. Bygningsmetodane vart tilpassa, og tilgang til materiale og fangstmetodane vart utvikla i takt med kunnskap og erfaring. Rundt oss finn vi spor etter buplassar, fangstgraver for rein og elg, bågåstøe, gravhaugar og steinalderfunn. Reinen og annan tilgang til mat avgjorde kvar dei skulle byggje både fangstanlegg og buplassar.

Det er fyrst og fremst dei mange dyregravene i fjellet som skil seg ut, og det er vel dei færreste av dei som ferdast i fjellet som ikkje har lagt merke til desse. Ikkje alle har kanskje sett like nøye på dyregravene og den fliden som ligg bak. Gravene er med stor omtanke lagt midt i ferdsla for reinen i område der tråkket var så smalt at reinsflokkane måtte ordne seg på rekkje for å kome gjennom.

Det var mykje arbeide med kvar grav. Med lite eller ingenting av reidskap grov dei ut to meter djupe hol av den steinharde grunnen. Gravene hadde solide, mura veggjar utan framspring eller kvasse kantar som kunne gje plass til tak for reinsklauvane. Veggane måtte i tillegg motstå telehiv og frostsprenging vintertid. På avgrensa område i fjella rundt oss er det funne opp til 500 slike graver.

I tillegg til sjølve gravene måtte dei også byggje bæje, som var låge steinmurar som gjekk diagonalt ut til både kantar frå gravene. I boka si «Jakt og fangskulturen i Skjåk og Finndalsfjellet» ser forfattaren Øystein Mølmen også litt på



Kikkehol i stein som var brukt ved bogejakt. Denne steinen er funnen i Heimfjellet.



Arkeologar har teke prøver av grunnen for å fastsetje alderen på denne buplassen i Smådalen som vart funne i 1995. Buplassen, som kan vere frå den eldre steinalder, omfattar ein ring av steinar som har vore brukt til å halde på plass telt av skinn og restar etter ildstad.



Dei eldste spor som er gjort i vårt distrikt var funn frå den eldre steinalder på buplassar ved Aursjoen.

korleis større busamfunn på opp til 100 personar samarbeidde om reinsfangsten og måtte fange opp til 500 rein årleg for å dekkje behovet for mat, skinn til klede og telt og bein til reiskap.

Dei eldste funn som er gjort i vårt distrikt, av flint og kvarsitt på steinaldarbuplassar ved Aursjoen og Heillstuguvatnet og eit reiskapsemne av flint ved Geitryggen ved Lomseggje kan stamme frå den eldre steinalderen 7 - 8000 år sidan.

Funn i Skjåk frå steinalderen og fram til mellomalderen er breitt omtala i fyrste bind av Skjåk bygdebok. I det same området som ei øks, ein skiferdolk og ein flintdolk frå yngre steinalder kom for dagen ved Åmoten, vart det gjort ei omfattande arkeologisk gransking i 1991. I ei dyregrav vart det funne trekol som er tidfesta til år 220 - 570 e. Kr. Andre treprøver i grava er datert til midten av vårt eige årtusen. Dyregrava har dermed vore i bruk i mest 1500 år.

I Lom er det særleg området rundt Tesse som har vakt oppsikt blant arkeologane. Dei fyrste steinalderfunn vart registrerte ved Universitetets Oldsaksamling alt i 1955. Seinare er det funne mange buplassar i både endar av vatnet ved Tesseosen og i området Nåvårseter, Smådølaosen og ved Fuglesæter. Etter utgravningane som er gjort ser det ut til at det var busett folk rundt Tesse så langt attende som for 6000 år sidan, i den yngre steinalder. Mellom 10 og 20 buplassar er registrerte og undersøkte.

På ein odde ved Nåvårseter er det funne ein buplass på om lag 100 kvadratmeter. Utanfor buplassen er det ei stor grunne i vatnet. Her er det funne mange fiskesøkke som ser ut som skistavrinsar. Det er noko tvil om kor gamle desse er, men dei er registrerte som steinalderfunn i oldsaksamlinga.

Oldsaksfunn i Lom og Skjåk

(C er tilvekstnummer i Universitetets Oldsaksamling)

Kan vere så gammalt som frå eldre steinalder over 6000 år sidan:

Funn av 3 flekker og 30 avslag flint og kvartsitt på buplassar på Aursjoen. Funne på eit nes 600 meter frå dammen på austre enden av Aursjoen under registreringarsarbeid av Finnassdraget. (C 36240)

Flintflekke av lys gråleg flint med spor etter bruk funne på Geitryggen på sørkanten av Lomseggen. Lengde 7,7 cm. Funne oppi dagen i nærleiken av fleire reinsgraver og bågastøe. Innlevert til oldsaksamlinga av finnaren, Gregor Kummen. (C 29756)

**Yngre steinalder
4000 - 6000 år gammalt:**
Kvartsittavslag funne på overflata i Smådalen. (C 34576)

Kjerneavslag, kantstikkel og avslag av kvarts, kvartsitt og bergkrystall på steinalderbuplass på toppen av morenehaug rett nord for Smådalsvatnet i Smådalen. (C 34577)

Beinfragment og flekkeliknande kvartsittavslag, flekkeskraper, flintstykke, garnsøkke og skiferpil frå steinalderbuplassar på Návårsæter, Nordseter, ved Tesseosen og ved Smådøla ved Tesse. (C 36023 / C 31542 / C 31871 / C 31872 / C 31543 / C 31544 / C 31873 / C 31874 / C 31875 / C 29406 / C 29405 / C 29406)

Pilspiss av grønngå skifer funnen ved Garmo seter ved Tessevatnet. Stod på skrå ned i sanden med odden ned. Karakterisert som «vakker, fint tildannet og godt bevart». (C 28456)

Kølle av kleberstein med skaftfure funnen ved nordenden av Tesse. Kølla låg oppe i dagen like ved vannkanten. (C 30749)

Pilspiss av grønngå skifer, ca 10 cm lang, funnen oppå bakken ved Nordsæterlandet ved Byrtnes på Tesse. (C 31440)
Del av pilespiss av lys grå skifer, 4,2 cm lang og del av flathogd pilspiss i kvartsitt, 2,6 cm lang. (C 31871)



Inntil 5000 år gamal øks.



Del av ein flintdolk frå yngre steinalder



Garnsøkke frå steinalderen funne ved Tesse.



Skiferpil frå steinalderen funne i Nordseterlandet ved Tesse.

Pilspiss av grågrøn skifer, 13 cm lang, funne ved Nordsæterlandet ved Tesse. (C 29406)

Grøn-grå skiferpil funnen i Lendfjellet (Lomseggen) mista under jakt den yngre steinalder 4 - 6000 år sidan. Denne vart funnen av ein fjellvandrar i 1907 som sparka til pila med foten. (C 20648)

Ca 4 500 år gammalt:
Steinøks frå Pollodden, tjukk-nakka og holeggja, funnen i 1993.

Øks av lys grågrøn finkorna bergart frå yngre steinalder. Karakterisert som vakkert eksemplar. Framsida er slipt, elles er det grove spor etter tilhogging over heile øksa. 18,3 x 4,7 cm. Funnen i 1959 på Bergseth 25 cm nede i fuktig sandjord av Nils Fosstuen. (C 29793)

3000 - 4000 år gammalt:
Pilspiss av grønleg-grå kvartsitt funnen i åker på Bakke i Reppen i 1925. Frå yngre steinalder/bronsealder. Lansettforma 7,1 cm lang. (C 34541)

Ca 3800 år gammalt:
Dolk av mørk, brun skifer funnen ved Åmoten i 1934. Frå Dolketida overgang frå steinalder til bronsealder. Lengde 14,7 cm. Funnen ved tomtegraving for Åstre Øysteri like ved Åstre elv i Nordberg. (C 25810)

Flintdolk frå den yngre steinalder/bronsealder funnen i bustadfelt Uppnose i 1988.

**Yngre bronsealder
inntil 3000 år sidan:**
To brilleforma spenner og ei lita øks (celt) i bronse, kjøpt av oldsaksamlinga før 1900 frå gard i Lom etter å ha vore på garden i lang tid.

Oldsaksamlinga manglar fleire opplysningar om desse tinga. (C 16615, 16616 og 16617).

**Eldre jernalder
2500 - 1500 år sidan:**
Funn av eit spjot i jern på Nysetra. (C 26463)

Funn av jernslag på Návårsætra. (C 34887)

Yngre jernalder

Frå denne tida er det gjort ei rekkje funn både i Skjåk og Lom. Yngre jernalder blir delt inn i merovingartida (1400 - 1200 år sidan) og vikingtida (1200 - 1000 år sidan). Særleg frå vikingtida er det mange funn av våpen, verktøy og pynt. Av dei mest spesielle frå denne tida er eit eineggja jernsverd «usædvanlig langt» - 84 cm med spiss odde. Økseblad, ljåblad og ringar av jern funne under vegarbeid ved husa på Brandsar i noko som truleg er ei grav.

Det har også knytt seg stor interesse til eit funn frå vikingtida på 900-talet, som Reidar Øyjordet gjorde på tur ned frå Læshø ein midtsommarssundag i 1984. På ei flate vart han var ein jernbit, noko som skulle vise seg å vere eit 90 cm langt jernsverd. Ei øks og ein pilspiss vart funne med det same. Seinare vart det funne ein spjutspiss, ein kniv, ei fil, ei sølje og i alt tolv pilspissar. Alt i grava vende mot vest. Arkeologane fann i tillegg kol, aske og enkelte brente bein i grava. Heile funnet er etter registrering i Universitetets oldsaksamling (C 36652) plassert i Lom og Skjåk Sparebank.

Eit anna interessant funn er ein jernspiss (14,2 cm lang) som det står følgjande om i protokollane til Oldsaksamlingat: «F. på Galdhøpiggen, Bøverdalen, s.; Lom pgd., Opland, hvis den er riktig identifisert, hvilket er mer enn tvilsomt.» (C 15921).



Frå ei grav i jordet på Guphågå tidfesta til ca år 800. Bildet viser ei sigd, handtak til sverd, handtak til skrin, ein pilspiss, truleg eit eineggja sverdblod og beinrestar.



Reidar Øyjordet ved gravfunnet han gjorde på Læshø i 1984. Alt som var funne i grava (under) var lagt ned med spissen mot vest.

Opphavlege kulturmiljø eller samlingar i museum

Synet på kva som er verdfullt å ta vare på, har endra seg mykje frå eldre tider og fram til i dag. Lenge vart det eldste sett på som viktigast både som informasjonsberar og som symbol. Kva som har vore oppfatta som kulturminne, har og variert. Mange bygningar med innbu er som små museum i seg sjølv, som t.d. kyrkjer og enkelthus på gamle gardar. Kanskje kan vi seie at vi ikkje lenger ser på enkeltgjenstanden som det primære, vi er meir interessert i heilskapen. Garden eller bygningen der han ligg i sitt opphavlege miljø, gjev ein dimensjon som ikkje kan visast i eit museum.

Gjenstander og hus misser for mange noko vesentleg når dei blir flytta. Dersom vi definerer kulturminne som spor etter all menneskeleg aktivitet, vil vi og ha interesse av å ta vare på kulturlandskapet. Her finn vi mykje som fortel om tidlegare driftsformer. Mange av desse er borte etter som gardsdrifta og busetnads-mønsteret har endra seg.

Vi tenkjer i dag annleis enn den gamle arkeologen og samlaren som var ute etter dei fine og kostbare gjenstandane. Vi må likevel hugse at dei tok vare på mykje som ellers ville gått tapt. Interesse for å ta vare på det ein ikkje hadde direkte nytte av, har ikkje vore like stor til alle tider. Museum har elles den styrken at vi her kan få eit forskarmiljø som lettare kan samanlikne av ulike reiskapar og gjenstandar. Ei vitjing der vår kulturarv finst i eit opphavleg miljø, vil likevel kunne tilføre denne forskinga ein vidare dimensjon med ei enno sterkare kjensle av kontakt med dei som brukte tinga og budde i husa.



Uppigard Skjåk på 1800-talet



Uppigard Skjåk i dag




Lom Bygdamuseum fekk i 1985 oversendt ei kiste som Peder Olsson Skjaak Bøje hadde med seg over til Amerika i 1867. Det var sonesonen som stod bak denne flotte gáva. Målerikonservatorar ved Norsk Folkemuseum har konkludert med at kista er i god stand og meiner at ein av sønene til Jakub Klukstad har måla kista, som vart laga i 1772.

Uppigard Skjåk er ein typisk Gudbrandsdalsgard der husa ligg tett inntil kvarandre rundt eit inntun og eit uttun. Sjølv om ein del hus er borte, har vi her ei samling av hus, inventar og reiskap av høg kvalitet. Nørdre stugu er frå 1764 og er innreidd av Skjåk-Ola. Av dei tolv husa i dette anlegget er ein del framleis i bruk. Her kan ein få omvisning og gjerne ei seng om ein ynskjer. Dette er ikkje noko museum, men ei samling som er ei levande historie om eit rikt kulturmiljø.

Det var dikteren Olav Aukrust som fyrst fekk interessa for den rotekte bondekulturen og kjøpte inn alt han evna av gammal handverkskultur som var til sals. Lom kommune kjøpte samlinga i 1925 og arbeidet med å reise Lom bygdamuseum var i gang. I tillegg til dei om lag 20 bygningane frå Ottadalen, omfattar samlinga til Lom Bygdamuseum i dag mange lokale bruksting og arbeidsreiskap.

Om lag 10 millionar menneske vitjar kvart år museum og historiske samlingar rundt omkring i landet. Mangfaldet i desse samlingane dokumenterer og formidlar ulike delar av vår historie og er viktige medspelarar i forvaltning og formidling av våre kulturminne.



Kyrkjene våre

Endringar av gardsdrift og kulturlandskap har fjerna mange av spora etter dei gamle kyrkjene våre. Likevel finst det døme på at restar av den har dukka opp i samband med anleggsarbeid. Det siste skjedde da dei på Uppigard Bøje skulle bygge nytt uthus. Ved utgraving av tomte dukka det opp tydelege spor etter ein tidlegare gravplass. Dette førte til at den gamle kyrkjegarden vart fylt igjen, og uthuset vart flytta eit stykke nordover.

På Gjeilo brukar dei enno namn som kyrkjegardsåkeren og kyrkjejordet. Tidlegare kom det år om anna fram levningar som viste kvar kyrkjegarden låg. Kyrkja som stod her var truleg ei lita opplafsta soknekyrkje som var sett opp rundt 1320. Ho var nedlagd før reformasjonen.

Geirloar-kyrkja var det gamle namnet, og i 1362 hadde ho prest saman med Skjåk. Etter lafesteinane skulle ho vere vel sju meter der ho stod på garden og vart brukt til forlyu. Ho var lafta og tekt med never og torv. På taket var det ein takryttar med ei klokke. Nokre benkar bortover golvet, eit lite altar, ein preikestol og ein skriftestol. Ei treskål med vigslvatn var festa på veggen innanfor døra.

Kyrkja på Skidakkrum er nemt fyrste gongen 26. mars 1326. Da biskop Sigurd var på vitjing her i 1419, var ho tydeleg til nedfalls, for han gav påbod om at kapellkyrkja på Andvord skulle flyttast til Skjåk. At dette skjedde er stadfesta fleire gonger seinar, og at Skjåk sokn hadde eigen prest og eigen prestegard. Det er ingen som veit korleis fyrste kyrkja på Skjåk var, korkje i storleik eller på skapnad. Kapellkyrkja var ei stavkyrkje utan tårn, men med ein takryttar som klokkehus. Ho var langskipa med svalegangar rundt. Dette var soknekyrkje til 1630. I 1631 vart det så bygt ei ny kyrkje av lafteverk med eit lite tårn som klokkehus. Ho stod til om lag 1740.



Skrin som kan ha vore brukt til altarpengar i Hovekyrkja.



Eitt av fleire epitafium frå gamle Garmoskyrkja som i dag er i Glomdalsmuseet.



Messingfat på Graffer som kan stamme frå eit gammalt kapell på Graffer.

På Hov kan det, slik namnet tyder på, ha vore eit hov før kristendomen kom til distriktet vårt. Avstanden til Garmokyrkja og seinare Lomskyrkja vart lang. På Hove vart det difor bygd ei kyrkje på same staden som det gamle gudshuset. Korleis kyrkja såg ut, er det ingen som veit. Ho er nemd i 1229 og var i bruk til 1639. I 1640 vart det sett opp ny kyrkje, ein gamaldags trebygning av tømmerverk. Denne kyrkja hadde truleg ikkje tårn, men ein klokkestøpul med to gavlar. Kyrkja hadde skriftestol, men ikkje sakristi. Altar og preikestol var truleg rosemåla med kalk og med vakkert listeverk. I kyrkja var det mange vakre oljemåleri som vart flytta til Skjåkkyrkja i 1752. Mange av dei er etter Eggert Munk frå Vågå. Døypefonten var av kleberstein. Døypefatet er no i Skjåkkyrkja. Hovekyrkja og den gamle Skjåkkyrkja vart selde på auksjon i 1723 etter kong Fredrik d. IV sitt påbod. Soknepresten i Lom kjøpte kyrkjene for 850 rdl. Bygdefolket fekk attende sine eigne kyrkjer. I 1750 vart så Skjåkkyrkja riven og seld på auksjon. Altaret skal ha havna på Aabusmoen der det vart nytta til stuguskåp. Eit kyrkjeskrin finst enno på Nedre Hove. Døypefonten kan ha vorte seld til Trond Eklestugun.

Garmokyrkja er oppattreist på Maihaugen, men dette er nok ikkje den eldste kyrkjebygning som har stått der. På ei fjøl som gjekk tapt i brannen på Systun Frisvoll i 1926, hadde Snikker-Jo skore inn namna på dei som arbeidde på kyrkja i 1785 og «Dene Kirche er bygd 1130». Ei tilsvarande innskrift frå 1730 finst på Systun Garmo. Der står det «Den forig Kjerke var bygt Aar 1130». Kva verknad reformasjonen hadde på kyrkja, har ein ingen opplysningar om. Truleg fekk kyrkja da golv og tårn. Stolar vart og innsett. Bilettavla var gjeven til Garmoskyrkja tidleg på 1700-talet. Likeins vart altartavla frå 1617 utskifta med ei ny i 1736. I 1785 vart kyrkja vølt og utvida att. I 1828 og 1857 fekk ho nye overlaup. På grunn av stor folke-

auke vart det bestemt at det måtte til ei ny kyrkje i Garmo. Gamlekyrkja skulle rivast, og i mai 1880 vart det halde auksjon. Anders Sandvig starta i 1909 innsamlingsarbeidet for å få sett opp att kyrkja på Maihaugen. Mykje av inventaret var att i Garmo, og det vart strid da Sandvig ville ha dette utlevert til Maihaugen. Kommunestyret bestemte at dette var noko kyrkjelyden sjølv skulle få avgjera. Nå finst det delar av Garmokyrkja i Lomsbygda, på Maihaugen, på Glåmdalsmuseet og på Universitetets Oldsaksamling.

Eit gåvebrev frå biskop Sigurd på 1300-talet fortel om eit kapell på Andvord i Lom som skulle flyttast til Skjåk i Nordherad. Dette må ha vore ei høgendeskyrkje for ein stormann i bygda. Flyttinga vart kanskje gjort fordi kyrkja som før stod på Nigard Skjåk, var til nedfalls og at kapellet på Andvord kunne gjere meir nytte for seg her enn like ved Lomskyrkja.

Nes kyrkjesogn (Nørstnes, Synstnes, Stusnes) er nemnt i eit diplom frå 1363, men det er ikkje gjort arkeologiske funn som stadfestar at det har stått ei kyrkje her i mellomalderen.

Galdekyrkja var truleg bygd før svartedauden og var truleg ei lita enkel kyrkje. Ei skildring frå 1775 med kartskeisse over Lom (Rolsdorp og Kierschow) omtalar «En Kirchetomt ved gaarden Galde. Kirchen er nedbrutt for ungefær 120 aar siden». Kyrkja må dermed ha stått til rundt 1665. Ho var plassert sør for garden Uppigard Galde på ein åker som var kalla Godleggsåkeren. Kyrkja vart teken av flamen og kyrkjeklokka skal ha vorte hengjande i ein stein i elva ved Søre Repp. Denne staden har seinare hatt namnet Klukkberget. Dørhella frå kyrkja vart atfunnen og skal framleis gjere teneste som dørhelle i Bøverdalen. Ein bokreol på Nigard Galde er truleg frå Galdkyrkja.

Også på Graffer har det vore spekulert på om det har vore ei kyrkje eller eit kapell frå gamalt av. Det er ikkje funne noko skriftleg om dette, men eit messigfat med drueklasemønster og funn av beinrestar på åkeren kan stamme frå denne kyrkja.

Nordberg kyrkje

I 1863 vart Nordberg eige kyrkje sokn, og i 1864 vart det bygt ei åttekant kyrkje i tømmer og tømrarane kom frå Nordfjord. Arkitekt var Jakob Jonsen Storlien. Kyrkja har 300 sitjeplassar. Altertavla viser «Jesu oppstandelse» av Johannes Jørgensen Odde, som og har laga preikestolen av tre. Kyrkja har to klokker, laga av Peder Eriksen Bu. Korbogen er skoren av Jakup Langleite, og smiarbeidet er utført av Jakup Aabuen.

Skjåk kyrkje

I 1748 vart heile arbeidet med den nye kyrkja - frå fyrste stokken i skogen til kyrkja stod ferdig - sett bort til Ola Rasmusson Holø, som da var 21 år gammal. Tømmeret vart hogge i Brennskogen og låg der for halvtørking. Det vart så fløytt sørover til lensa ved Gjeilo og deretter køyrt nordover til grunnmuren som da stod ferdig. På oppgangssaga i Aura vart noko saga opp til bord. Holen leigde med seg ni tømrarar frå alle bygdene i Ottadalen. Smiarbeidet vart utført av Christen R. Øygaard. Altertavla viser «Treeinigheita» og er laga av Jakup Bersveinson Rudningen Klugstad'n 1752. Preikestolen i tre er laga same året. Han stod og for dører, glas og stolane. Døypefonten av tre er laga av Lars Gjeilo i 1945. To kyrkjeklokker - den eine frå 1851, med inskrifta «Skjager Anex i Lomb 1851». Kyrkja vart vigsla den 17. september 1752. Like før 1800 vart det sett dør og glas i veggen bak preikestolen. Desse vart tetta att da kyrkja i 1860-åra fekk nye dører og vart oppattglasa.

Garmo kyrkje

Da gamle Garmo kyrkje vart for lita, vart det vedteke at det skulle byggjast ny kyrkje av stein. Kyrkjelyden bestemte at kyrkja og kyrkjegarden skulle liggja på Bergåkerflåten, Gunhild og Hans Hjeltar på Nørdre Uppistun Frisvoll, gav til dette føremålet. Kommunestyret ville ha trekyrkje, og det tok vel eitt år å semjast om utsjånad på kyrkja. I 1872 gav departementet klarsignal for bygging, med visse vilkår. Lom kommune fekk lovnad på lån på 1 500 Spd. til 5% rente over 40 år til dekking av byggekostnadene.

Det vart lagt fram forslag om endring av tomt, frå Bergåkerflåten til Leitet. Til sist avgjorde departementet saka og fastslo at den nye kyrkja skulle byggjast på Leitet. Mesteparten av timberet til kyrkja var teke frå Storviksmoen i Vågå. Kyrkja skulle byggjast med ein lafte-teknikk som var framand i sokna, sinkelaft, eller lagga-hogst som fjordingane kalla det. Difor vart det henta fjordingar til arbeidet, byggmeister var Elias A. Tønning som hadde med seg åtte mann, alle frå Stryn. Berre to mann frå Garmo var med på arbeidet, Eirik Grasdalsmoen og Johannes Byrø. Fredag 12. september 1879 vart kyrkja innvigd, med sju geistlege var til stades. Eit langvarig restaureringsarbeid som var ferdig i 1968 gav kyrkja nytt korskilje der korbogen frå den gamle kyrkja vart sett opp, og det vart laga ny «skriftestol» og klokkarstol. I byrjinga av 1940-åra laga Reidar Nyernes preikestol, sakristi, baldakin, ljoskrone og lampettar. Reidar hadde fargevalet og Einar Biløygard måla ein del av desse prydinga.

Bøverdalen kyrkje


Bøverdalen kyrkje eller den nye Galdekyrkje vart innvigd i 1864. Kyrkjebyggjar var Eirik Rusten, som også var smed, snikkar og treskjerar. Han har skore ut på altartavla i kyrkja.

Lom stavkyrkje

Dei fyrste prestane i Lom og nabobygdene skal ha fått kallet sitt av Heilag-Olav i 1021. Funn under Lom stavkyrkje kan tyde på at det har vore ei kyrkje her på 1000-talet. Søylestavkyrkja er frå fyrste del av 1200-talet.

Under restaureringsarbeidet i Lom stavkyrkje i 1973 vart alt golv teke opp og det vart gjennomført ei full arkeologisk utgraving under heile kyrkja. Jordmassene vart teken ut frå kyrkja og sikta. Det vart funne mange forskjellige gjenstandar. Frå nyare tid vart det funne diverse snikkarutstyr, delar av gammalt kyrkjeinventar og bitar av farga glas frå glasmåleri. Dei fleste mindre gjenstandane, som myntar, knappar, spenne og bunadssylv, gjev innblikk i materiale og folkekultur gjennom mange hundre år.

Dei fem kjevleforma trestykke med runer som kom for dagen under kyrkjegolvet, vart alle funne i overflatemassene under golvet. Det eine har ei lang tekst i norrønt mål, truleg frå 1200 eller 1300-talet. Teksta her er lett å forstå og handlar om ein Håvard som var på friarføt til Gudny. Ein annan mann, Kolbein, er også omtala. Håvard og Kolbein var konkurrentar, og Gudny hadde det avgjerande ordet. På delar av trestykket er runene med hensikt spikka bort. Historikarane har forsøkt å analysere situasjonen og kome fram til at Håvard kan ha sendt bodet med ein bodberar som møtte Gudny ved kyrkja ein messedag. Ho kan ha spikka sund det svært private «brevet» og stikke det ned i ein sprekk i golvet i kyrkja. Kjevlet var funne langt framme i kyrkja i skipet på nordsida. Gudny har nok høyrte til dei gjævaste i bygda, til dei som var å finne framme og nær koret i kyrkja. Friarbrevet gjev oss eit lite glimt inn i eit drama som gjekk føre seg for over 700 år sidan mellom dei same fjella som vi lever mellom i dag. Ei viktig hending i livet til fleire personar - noko som gjev oss ei kjensle av menneskeleg kontakt over 700 år.



Slik såg det ut under utgravingane i Lomskyrkja i 1973.



Grav i midtre del av kyrkja frå 1690-talet.



Den eine av fire delar av friarbrevet som vart funne under golvet i Lom stavkyrkje: «være med Kolbein; tenk over dine ekteskapsplaner og la meg få vite ...».

Andre funn i Lomskyrkja var amulettar i tre med runeinnskrift, små posar med fugle- og dyreklør og andre gjenstandar som dei såkalla signekjerringane på 1500-talet hadde med seg, tøyfiller som er ombundne og samanbundne som dokker, små abortøskjer med foster som i løynd vart ytt lengst mogleg inn i kyrkemurane så nær alteret som mogleg, vidjespenningar som truleg vart attgløymde i kyrkja eller som var brukt til å «løyse opp» sjukdomar.

Det vart funne óg eit pilgrimsmerke med framstilling av St. Nicolaus som har kome hit frå valfartsturar til Nicolaus-helligdommen i Bari i Italia, voksljos frå offer, perler av tre, delar av eit kjede av svarte kuler av harpiks og eit lite metallkors med hol i til å ha i ei snor rundt halsen. Torshammaren kjem sannsynlegvis frå middelalderen og vart bore rundt halsen som eit opp-ned kors.

Under kyrkjegolvet vart det også funne fleire handskrivne notasjonar og fragment på rull. Det mest sensasjonelle av desse er ein pergamentrull frå 1200-talet med ein sekvens på i alt 16 strofar tekst og notar til Aquas plenas amaritudine til ære for Thomas Becket som vart myrda av Kongens menn i Canterbury katedral i 1170 og seinare dyrka som martyr.

Dette er skriven ned på to opphavelag samansyddede blad på 50 og 30 cm lengde og om lag 16 cm breidde, og det heng att raud tråd etter samansyinga av pergamentblada. Andre handskrifter av den same sekvensen er funne i Frankrike, Italia og Austerrike. Skrifta frå Lom stavkyrkje er karakterisert som «prydeleg bokhand», og opna for heilt nye perspektiv i historisk forskning.

Under sakristiet og koret vart det funne mura gravkammer og det er funne gravplassar under heile midtgangen. Kistene som kom for dagen er frå 1600- og 1700-talet, men vesentleg eldre

graver var øydelagde da dei vart nedsette. Eitt av skjeletta skilte seg ut frå dei andre ved at føtene hadde skinnsko frå 1200-talet og restar av gullinnverka stoff låg pressa inn mot beinet. Gravstad og gravdrakt tyder på at dette har vore ein person frå eit høgare sosialt lag eller ein geistleg gravlagt i rituell drakt.

Da alle lausmasser var fjerna og alle graver tømt, sto terrenget att slik det var før kyrkja vart bygd. I den opphavelige grusbakken vart det funne spor etter eit enda eldre bygg på vel 9 meter lengde og 5 meter. Arkitektar meiner dette kan vere skipet i ei eldre kyrkje med eit komplisert byggverk. Her fann arkeologane restar etter enda eldre graver.

Det vart funne i alt 2245 mynter under Lom stavkyrkje under utgravingane i 1973, men allereie i 1880 vart det registrert funn av 35 mynter frå Lom kirke ved Universitetets myntkabinett. Til saman er desse myntane det største kyrkje-funnet i landet.

Ved utgravingane i 1973 var det funne i alt 6 myntar frå 1000-talet. Dette var penningar frå det tyske riket og Skandinavia. Halvparten av myntane var lagt ned i grunnen på 1200-talet. Dette samsvarar heilt med registreringane frå 1880. Dei fleste av myntene var nordiske eller tyske. Ein penny frå 1100-talet og ein kvartpenny frå 1200-talet stammar frå England og Henrik den II.

I Lom vart det mellom anna funne ein norsk mynt frå rundt år 1200 med eit løvehovud i profil sett frå høgre med to perleringar rundt. Mynten hadde høg vekt i høve til liknande mynter, noko som tyder på eit høgt sølvinnhald. Ein ny og viktig variant frå funna i Lom er ein brakteat med motiv av ei stilisert borg med bokstaven B i midten, som kan kome frå namnet Bjørgvin.



Brakteat frå Håkon Håkonsons tid tidleg på 1200-talet funnen i Lom stavkyrkje.



Brakteat frå erkebiskop Jon Raude si tid mot slutten av 1200-talet.

Ein brakteat er ei mynt prega berre på eine sida på så tynt metall at preget kjem fram negativt på baksida.



Pilegrimsmerke med motiv av St. Nicolaus funne i Lom stavkyrkje.

I boka «Lom stavkirke forteller» som kom ut i 1978 (Foreningen til norske Fortidsminnesmerkers Bevaring) er det oversikt over dei funna som vart gjort i Lomskyrkja i 1973.

Kunst og litteratur


Målerisamlinga i Lom stavkyrkje med måleri frå 1600-talet er av dei største i sitt slag i landet. Dekorasjonane i flattaket i kyrkja kan ha vore måla så tidleg som rundt 1610 da taket vart lagt.

På fyrste halvdel av 1800-talet var fjellet sjølve symbolet på Noreg og det nasjonale for norske kunstnarar. Det var nå skildringa av den ville norske fjellheimen - både innan litteratur og biletkunst - starta opp. Johannes Flintoe var ein føregangsmann blandt bildekunstnarane. I 1839 forsøkte Hans Gude som 14-åring å teikna sine fyrste inntrykk av Jotunheimen. Han følgde seinare opp med skildringar av heile Gudbrandsdalen. Adolf Tidemand, J.F. Eckersberg og andre romantikarar henta rundt 1850 mange motiv frå dalen. Også utlendingar vitja Lom og Skjåk for å feste motiv til lerretet. Den store «Atlas histroisque et pittoresque» som vart utgjeven i Paris i 1839, har ei rekkje motiv frå Gudbrandsdalen.

Rundt 1870 fekk Erik Werenskiold i oppdrag å illustrere norske folkeeventyr, og oppsøkte Gudbrandsdalen og fjellheimen. Werenskiold vart fenga av alt han såg; natur, byggeskikk, klede og dialekt. Vågå vart etter det ein samlingsstad for kunstnarar frå heile landet. I 1894 samla ein heil koloni av kjende kunstnarar seg i Vågå, og dei avslutta sommaren med ei felles utstilling med lokale motiv. Adolph Tidemand (1814-1876) er ein av våre fremste nasjonalromantiske målarar. Han vart kjend på grunn av sine detaljrike måleri som «Brudeferden i Hardanger». Lom og Skjåk Sparebank kjøpte i 1997 eit Tidemandmåleri med motiv av Lomseggen. Hugo Lous Mohr måla i 1934 det praktfulle «Lomseggen», og om lag på same tida skildra Dagfinn Werenskiold det fargesprakande «Solfjellet» som var Bispberget i Skjåk.



Måleri var ofte gjeve til kyrkjene frå enkeltpersonar eller slekter. Dette var gjeve til Lomskyrkja i 1727.



Gåve til Skjåk-kyrkja i 1681.



Utsnitt av måleri av Gustav Wentzel i 1923 som vart måla som kulisser til eit skodespel i Lidarende. Lia ungdomslag betalte Wentzel i form av gratis inngang for familien til skodespelet. Lia ungdomslag har måleriet i sitt eige.

Av lokale biletkunstnarar med lokale skildringar er kanskje Gustav Wentzel (1859-1927) den mest kjende. Han måla mange motiv frå Lom. Det mest kjende lokale motivet hans er Lomskyrkja innvendig. Måleriet finst på Nasjonalgalleriet.

I 1832 reiste sjølvaste Henrik Wergeland frå Christiania for å oppsøkje den norske fjellheimen. På turen over Sognefjellet skreiv han dikta «Spaniolen», «Paa Skakastøls-tind» og «Sognefjorden». Her går «Lombværingers og Sogningers fryktelige vei til hinanden over Sognefjeldets Alpeørken», skreiv han. I 1842 reiste P. Chr. Asbjørnsen over det same fjellet og slo an ein meir positiv tone til fjellheimen.

Sommaren 1861 lånte Aasmund Olavson Vinje ein hest på prestegarden i Lom og reiste oppover Bøverdalen. Synet av Glittertind og Galdhøpiggen imponerte han og han skreiv mellom anna: «Soli seig ned i Ishavet og maalade Snjo og Jøklar og Tindar eldande raude. Fullmaanen steig fram yver Giltretinden liksom stridande um Herredømet med den døyande Sol, som vart bleikare og bleikare, alt til ho rømde fraa Galdhøpiggen, det siste Fæstet sitt, og fór til himils oppiggenom Skyfloret med elden sin.» Vinje var etter dette fast gjest i den norske fjellheimen.

I 1862 var det Henrik Ibsen sin tur. På ein skyss-stasjon i sør-dalen skal han ha møtt ein kjend reisehandbokforfattar, Yngvar Nilsen. Fra han kjem utsegnet: «Medens alle vejer fører til Rom, fører der ingen til Lom». Men etter lange dagsmarsjar kom omsider student Henrik Ibsen likevel til Lom prestegård. I løpet av eit par dagars opphald får han oppleve den naturen som seinare set sitt preg på innleiinga til «Brand» og til skildringa av «Peer Gynt». Bjørnstjerne Bjørnson tok i 1896 inn på Grotli på ferda over fjellet. I gjesteboka på Grotli skreiv han m.a.: «I dag så jeg høg fjell med bre i brynet, i gråkold klarhet og frøs ved synet».

Husflid, handverk og tradisjonar

1700-talet vart eit høgdepunkt for kunsthandverket i Lom og Skjåk. Det var økonomiske oppgangstider, og tilgangen på materialar og verktøy var god. Overgang til peis, jarnomnar og vindaug resulterte i røykfrie og ljose rom.

Mange av bunadane våre er brukte som stasklede heilt fram til vår tid. Andre bunader er rekonstruerte på bakgrunn av lokale folkedrakttradisjonar eller restar og/eller bilete av bunader. Dei fleste er samansett av ulike delar og med reglar for kva sylv, snitt og broderi som høyrer til. Desse reglane meiner enkelte blir brotne når belte eller nye snitt eller fargar vert tekne i bruk. Ein del drakter vert ikkje definert som bunad fordi dei er rekonstruerte på usikkert grunnlag, eller dei har eit opphav som har basis i kvardagsklær. Det finst og drakter som ein stad er nytta som festplagg, andre stader som arbeidsklede. Mange bunader er utgått frå tidlegare tiders folkedrakter, som ofte var påverka av dei skiftande klesmotane i Europa. Fleire av bunadene har element frå mellomalder, barokk og rokkoko i ei og same drakt. Stoffet var gjerne importert, men snittet av lokal karakter. Den kulturelle interessa for bunader og folkedrakter kom med nasjonalromantikken på 1800-talet, i opphavslege kulturmiljø eller samlingar i museum.

Av dei mange, vakre tekstila frå denne tida kan ein slå fast at Lom og Skjåk må ha stått sentralt i vevkunsten her i landet. Bygdene var sjølvhjelpete med sylvsmedar, og dør og kistebeslag, lås og anna kunstsmiing, viser at arbeidet låg på eit høgt nivå.

Akantusen gjorde seg sterkt gjeldande både innan rosemåling og treskjering. I bygdaboka for Skjåk står det: «Ranken veks seg sterkare og fyldigare utover dei ymse bruksting i heimane. Svingar seg frodig over



Den originale Graffersbunaden frå 1700-talet.



Akantusmotivet kjem frå Akantusplanten. Her attgjeve i stein frå Forum Romanum i Romania.



Skurd etter Skjåk-Ola frå Uppigard-Skjåk



Fele etter Fel-Jakup

i altartavlar, korbogar og preikestolar, vidare ut på vindskia og stanar ikkje før han har rokke heilt opp på mønads-spissen med det utskorne takspiret.»

Ola Rasmussen Skjåk (1744-1803) skar dei aller vakraste framskåpa og blir sett på som skaparen av det klassiske stuguinteriøret i Nord-Gudbrandsdalen. Han var ikkje den første skåpskjeraren, men den mest dugande. Skjåk Ola skapte sin eigen skurd og utvikla teknikken på ein meisterleg måte.

Kjenneteiknet var ein livleg og variert akantusskurd med rikdom og fantasi som ingen har klart seinare. Ola blir likevel ikkje rekna som opphavsmann til framskåpet, den litt eldre Sylfest Skrinde har fått den æra. Skjåk Ola kom frå Sygard Skjåk. På nabogarden, den freda Uppigard Skjåk, har dei framleis heile stuguinteriøret slik Skjåk Ola laga det. Her er det framskåp, roskåp, blandstampbenk, handklekast, dørkrone, vegg-hyller og det som i dag er brukt som gardinbrett.

Jakup Klukstad (1700-1773), med foreldre frå Skjåk, vil særleg bli hugsa for preikestolane og altertavlene i kyrkjene i Skjåk, Lesja og Heidal. Sylfest Skrinde (1733-1790) og Jakup Sæterdalen (1754-1821) var sterkt påverka av Klukstad. Preikestolen i Lom stavkyrkje er opphavleg laga i renessansestil, men er overlagt barokkskurd av Sæterdalen. Han har også skore korbogen i Lomskyrkja. Tradisjonane med treskurd er levande den dag i dag.

Folkemusikken har alltid stått sterkt i Lom og Skjåk. Mest kjend av spelemennene er kanskje Fel-Jakup (1821-1876), fødd på Bruheim i Skjåk. Han begynte tidleg å reise rundt, og oppsøkte meisterspelemenn både på Aust- og Vestlandet. O.M. Sandvik rangerte Fel-Jakup nest etter Myllarguten som norsk bygdemusikar. Den kjende Per M. Bolstad har teikna ned ein heil del slåttar etter Fel-Jakup.

Dialekt

Dialekten knyter oss sterkt til den plassen vi veks opp. Her vert vår grunnleggjande uttrykksevne lagt, landskap, menneske og språk vert vove inn i same veven. Trass i at mange ord og uttrykk har forsvunne, opplever vi likevel den dialekten vi nyttar som ekte og opphavleg. Mange ser stor verdi i å ta vare på det gamle også innan våre språklege kulturminne. Det kan vere dei som i det daglege brukar den heimlege dialekten for å gje den ein sjanse til å leve vidare. Andre registrerer korleis dialekten var ein gong både i ordrikdom og korleis våre forfedre uttrykte seg. Vi har fått store og små samlingar av ord og uttrykk som i stor grad har gått ut av bruk. Ei stor ordliste og ein grammatikk er under arbeid. Som gamle hus og gamle gjenstandar, forsvinn også ord som vart nytta i arbeidsoperasjonar og som nemning på reiskapar og utstyr som ikkje lenger er i bruk.

Maten

Maten ein viktig kulturminneberar. «Eit måltid sett i ein heilheitleg samanheng, kan vera eit minne for lang tid.

Ingrediensane i kombinasjon med atmosfære, historikk og kultur. Gode venner rundt bordet og eit måltid med basis i tradisjon, håndverk og filosofi. Tillaga med respekt både for råvarer og gjest. Noreg har ein kulturarv å ta vare på. Den er mangfaldig og mattradisjonane er ein viktig del av den.» Dette skriv Arne Brimi i boka si «Ein smak frå norsk natur».



Utdrag frå kladden til boka om dialekter som Asbjørn Dagsgard er i gang med å skrive.



Førebuing til tjærebrenning i Skjåk.

Gamle foredlingsteknikkar - viktige kulturminne

Tjærebrenning var tidlegare ei god attåtning for mange. Tjæra var eit ettertrakta produkt over store delar av landet.

Fururota og anna virke som inneheldt tjæra vart sankt saman om våren til tork. Tjærevangen vart lagt, i ei høveleg skråning og mura opp av stein og jord i ei traktforma fordjuping. Gjennom eit hol og ei renne vart tjæra ført ned i tønner. Før mila vart lagt vart tjærevangen klint med leire. Dette laget måtte vere så glasert at det ikkje trekte tjæra. Ein eldre vang måtte vaskast grundig før bruk.

Rota måtte reinskast for fausk og råte før ho vart dekt til for grundig tørking. Fukt kunne blåse av dekket under brenning og gjere at mila tok fyr. Ein solvarm dag ved jonsokleite vart mila lagt og dekt. Det var eit arbeid som kravde erfaring og nøyaktigheit. Forma på den ferdige mila var som ein pyramide. Småflisa vart lagt over den kløyvde veden. Mila vart så dekt med torv, nedst var det likevel opningar for å styre lufttilgangen.

Tjæremila måtte voktast nøye. Alle hol måtte tettast. Til vanleg rekna dei tre døgn for utbrenning. Etter at mila vart heilt sløkt, kunne ho opnast for å ta ut tjærekolet som var svært etterspurt. Tjærebrennaren var ofte med når tjæra skulle seljast, anten han stod for transporten sjølv eller ikkje.

Lom og Skjåk Sparebank som kulturminneberar

Lom og Skjåk Sparebank tek sin del av ansvaret som lokal kulturminneberar. Banken har arbeidd aktivt for å kunne presentere lokale kulturminneskattar. Dette har resultert i ei permanent utstilling av jernalderfunna som vart gjort på Læshøa i 1984, og eit utvalg av dei omfattande myntfunna som vart gjort i Lomskyrkja under utgravningane på 70-talet. Kine og Kåre Sveinhaug var aktive medspelarar for å få til desse utstillingane. Under utgravningane i Lomskyrkja hadde banken ansvaret for oppbevaring av alt som vart funne.

I 1996 gjekk Lom og Skjåk Sparebank til innkjøp av eit framskåp etter Jo Soglo. Dette står nå utstilt i Bismo. I 1997 kjøpte banken måleriet

Lomseggen, måla av den kjende nasjonalromantikaren Adolph Tidemand på 1800-talet. På måleriet er det signert datoen 23/7-73. Dersom dateringa stemmer, er måleriet laga medan Tidemand budde i Tyskland. Motivet kan ha vore henta frå ei skisse han har gjort i 1840-åra då han var på reise i Gudbrandsdalen.

Banken gjev også støtte til lokale bokutgjevingar. I 1997 støtta banken markeringa av kulturminneåret i Lom og Skjåk, og skal i 1999 gje ut eit stort bokverk om eiga historie. Banken har også tidlegare gjeve ut bøker: Lom og Skjåk Sparebank 1873-1948 og Lom og Skjåk Sparebank 1873-1973, både bøkene inneheld mykje stoff om bygdasamfunnet i Lom og Skjåk.

«Lomseggen» måla av Adolph Tidemand.





Lom og Skjåk Sparebank

Hovedkontor: 2626 Lom,
telefon 61 21 10 01, telefaks 61 21 10 06.
Avdeling Skjåk: 2690 Skjåk,
telefon 61 21 42 66, telefaks 61 21 45 66.
Bankbuss, telefon 94 43 38 31.

Kjelder: Universitetet i Oslo - institutt for arkeologi, kunsthistorie og numismatikk, Universitetet i Oslo - Historisk museum, Skjåk Bygdebok, Fylkesarkeologen i Oppland - Oppland fylkeskommune, Bøverdalen kyrkje - 100 år (Bøverdalen Sokneråd), Garmo kyrkje og sokn (Garmo Sokneråd), Fra Seter til gård (Arkeologisk selskap), Var de alle menn? (Anita Fossum/Norsk Fjellmuseum), Vatnet (Gregor Kummen/Skjåk Historielag), Kulturkart for Lom og Skjåk (Landslaget for Drama i Skolen, Ottadalen), Vegar før vegar var 1 og 2 (Ragnar Standal), Gudbrandsdalen (Gyldendal Norsk Forlag), Jakt og fangstkulturen i Skjåk og Finndalsfjellet (Skjåk kommune/Øystein Mølmen), Heim og bygd (Lom heimbygdslag), Vassvegar i Lom (Lom heimbygdslag/Olav Svestad/Jon Kolden), Registrering av faste kulturminne i Norge (Fylkeskonservatoren i Oppland), Lurtonø frå Fjeille (Dølaringen), Gamalt frå Lom (Lom Heimbygdslag/Olav T. Kvaale), Lom kommune, Skjåk kommune, Kyrkjelydkontoret i Lom, Norsk kulturarv, Riksantikvaren, Kine og Kåre Sveinhaus, Håkon Christie, Kulturminneåret'97 (Miljøverndep./Kulturdep.), Alf Holø og Reidar Marstein.

Stor takk til Stein Grjotheim for fagleg og praktisk hjelp.

Ide, grafisk utforming og prosjektstyring: Visus, Lom

Trykk: Hagen Offset as

Foto: visus, Skjåk kommune, Reidar Marstein, PS Foto, Universitetet i Oslo, Kine og Kåre Sveinhaus, Uppigard Skjåk, Skjåk Historielag, Glomdalsmuseet, Riksantikvaren og Universitetets Oldsaksamling: Åse Kari Hammer og Ove Holst.